

Møtestad: Skei

Deltakarar: Hildegunn R. Gjelsvik, Knut P. Bøyum, Jorunn Sundal, Inge Masdal og Asbjørn Eikerol (vara).

Referent: Christoffer Knagenhjelm

Styresaker:

1. Evaluering: bornestemne i Fjærland
2. Rekneskap. Fiken eller Visma. Hildegunn snakkar med Laila
3. Orienteringar
 - a. Orientering om Jul i Sunnfjord og Jol i Sogn
 - b. Innspeling av julesongar

1. Evaluering: Bornestemne i Fjærland

- Knut orienterte om bornestemnet. Styret i Fjærland evaluert stemnet (tufta på tilbakemeldingane etter bornestemnet og eiga opplevingar).

Fjærland UL vil skrive eige rapport tufta på erfaringane slik at framtidige arrangørar av bornestemna kan nytte seg av erfaringane til Fjærland UL. Sett under eitt er Fjærland godt nøgd med stemnet, men har merka seg nokre forbetningspunkt:

- Kunne ha vore fleire frivillige fredagen. Bussen frå Hordaland var forsinka og då vart det litt utfordrande med få folk til stades for å ta imot deltakarar då nokre av dei frivillige måtte heim. Dette gjorde at vertskapsrolla vart litt nedprioritert.

- Hadde vore ønskjeleg at styret i SOFUL var meir til stades

- Allergimerking av mat. Mat tilpassa born med allergiar var plassert på eiga bord, men andre deltakarar forsynte seg av denne maten og det gjorde at det var fare for at mat vart blanda. Maten tilpassa folk med ulike behov bør ligge i t.d. plastboksar med tydeleg merking

- Logistikken laurdagen kunne ha vore litt betre. Vi var veldig heldige med varmt og godt vêr, men det skapte og litt utfordringar med tanke på drikke og mat

- Mogleg at det skulle ha vore litt større variasjon i dansen laurdag. Dei dansa ulike stadar og det vart kanskje litt mykje repetisjon med dei same dansane alle stadane.

- Middagen laurdag kunne ha vore litt tidlegare, vill ha gitt meir tid til barnefesten etterpå.

- Elles var dei aller fleste tilbakemeldingane frå deltakarane frå Hordaland positive. Kjekke aktivitetar, stemnetoget vart trekt fram, det same vart omgjevnadane; bre, natur, dans!

Referat. Styremøte 14.10.2019

2. Rekneskap

- Det har tatt litt tid å få ordna vedtak hjå Brønnøysund om at Laila skal ha disposisjonsrett til kontoane til SOFUL. Papir er innsendt på nytt og **styremedlemmene vil få melding i Altinn om signering av vedtak.**

- Hildegunn avklarar med Laila om kva rekneskapsprogram hun kan bruke (Fiken eller Visma) og kva versjon hun ev. treng (Visma opererer med ulike modular)

3. Orienteringssaker:

- Jul i Sunnfjord:

Det er gjort avtale om at SOFUL disponerer namnet «Jul i Sunnfjord» i fem år. SOFUL har ikkje fått avtalen tilbake med underskrift. Jorunn/Hildegunn vil purre.

- Utgjeving av julehefta:

Begge redaksjonane er godt i rute. Planen er å ha klar stoffet til 1. november slik at bladet er klart til midten av november.

- Innspeing av julesongar:

Christoffer er i dialog med skuleverket i Luster og Montesoriskule i Kjølisdalen om innspeling av julesongar. I tillegg vil Knut høyre med bornekoret i Fjærland om dei er interessert. Christoffer vil hjelpe Luster med innspeling av songar i slutten av november. Songar vil bli lagt ut på heimesida til SOFUL. Vi vil òg forsøke å lage nyhendesak (NRK Sogn og Fjordane og lokalmedia)

Referent

22.10.2019

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

